



BANE Brytande: Den palestinske filmskaparen Hany Abu-Assad, som har laga to Oscar-nominerte filmar, var i Oslo under Arabiske Filmdager i helga.

«Paradis nå»-regissørens nye kjærleiksthiller skildrar paranoia på d

Laga palestinsk

– «Alle» kan bli medløparar, men vi kan ikkje tilgje det, seier regissør Hany Abu-Assad.

FAKTA

Hany Abu-Assad:

- Palestinsk filmskapar, fødd 1961 i Nasaret
- Slo gjennom med sjølvmondsbombardramaet «Paradis nå» (2005)
- Thrilleren «Omar» (2013) vann jurypris i sideprogrammet Un Certain Regard i Cannes
- Begge filmar har vunne ei rad prisar og vorte nominerte til Oscar



korleis venskap, kjærleik, tilitt og svik artar seg under slike ekstreme vilkår, seier den palestinske filmskaparen Hany Abu-Assad.

I helga var den etterspurte og rikt prislønte regissøren i Oslo under Arabiske filmdager, for å presentera «Omar», ein thriller frå Vestbredda.

Tidlegare i år var «Omar» Oscar-nominert som Beste utanlandske film. Det var an-

dre gong ein film av Hany fekk den æra. Den første var «Paradis nå» (2005), som både skapte furore for sine kvaliteter som filmdrama og temaet: sjølvmondsbombing.

Tilgjeving for tysting?

Også i «Omar» er konsekvensane av okkupasjonen basisen for historia. Hany kallar forteljinga for ein palestinsk

«Othello». Dei tre våpenbrørne Omar, Amjad og Tarek er barndomsvenner. Omar og Amjad er begge forelska i Nadia, søstera til Tarek – som vaktar dygda hennar som ein hauk. Alt blir farleg komplisert, når dei tre drep ein israelsk soldat, og eit svik i eigne rekkjer fører til at Omar blir arrestert og torturert.

I fengslet bruker israelsk etterretning Nadia som pressmiddel mot Omar. Dei krev at han blir medløpar. Omar seier ja, berre for å starta eit risikabelt dobbeltspel. Og kva med Nadia, om ho trur Omar har svike?

– *Filmen syner godt korleis alle kan bli tystarar. Bør det då finnast tilgjeving for slikt?*

– Det går an å forstå og tilgje det, men vi bør likevel ikkje gjera det, fordi det vil gjera det

lettare å tysta og fordi det faktisk er menneske som står i mot, same kva for press dei blir sette under. Tysting må vera tabu, for medløparar held okkupasjonen oppe.

«Omar» er filma på location i Hany's heimby Nasaret, Nablus og flyktningleiren al-Far'a. I nokre svært ladde scener, ser vi Omar (imponerende spela) av debutant Adam Bakri, klatra over den israelske «tryggingsmuren», som går mellom heimane til Omar og Nadia.

– Muren er eit perfekt bilete på dei ytre hindra i dramaet. Eg prøver alltid å visualisera problem, i staden for å snakka om dei i dialogen, det fungerer sjeldan godt. Når Omar når ei krise i dobbeltspelet sitt, og alt ser tapt ut, greier han ikkje lenger den krevjande klatrin-

FILM

Av Guri Kulås (Tekst) og Anniken C. Mohr (Foto)

– I alle samfunn der folk kjempar for fridom, utviklar undertrykkjarane ein overvakings- og tystarkultur. Slik er det òg i det okkuperte Palestina. Det eg har vore interessert i, er